

Referat frå møte i Modalen ungdomsråd

Tid: Søndag 25. september

Stad: Bryggjeslottet

Modalen ungdomsråd kalla inn til pizzamøte med ungdommane for å informere om kva ungdomsrådet arbeider med, og motta innspel på kva ungdommen synest var viktig å arbeide med i Modalen.

Saker

- Val

Amalie Heimly, Alva Kjensli og Oda Lundekvam har meldt at dei ikkje kan vere ein del av Modalen ungdomsråd i denne perioden. Det var difor høve til å velje tre nye representanter i ungdomsrådet. Det er kome ei stor ny gruppe opp frå 8 klasse. Kristin Nåmdal var og informerte om ungdomsrådet på Mo skule onsdag 21. september. Dersom nokon ynskte å vere med i ungdomsrådet vart dei oppmoda til å skrive ein epost og sende den til kristin Nåmdal. Det kom tre eposter: frå Johanne Midtun, Håvar Lundekvam og Julie Brekkhus. Desse vart valgt til å vere med i det nye ungdomsrådet for Modalen.

Ungdomsrådet vert då slik samansett: **Johanne Midtun, Håvar Lundekvam og Julie Brekkhus, Kaia Mo Eikefet, Jakob Faresveit, Hilde Brørvik, Sigrid Neset, Ingrid Malene Steinsland og Oda Mo Eikefet**

- **Val av nestleiar**

Ingrid Malene vart ny nestleiar

- **Anvarlege for sosiale media**

Hilde Brørvik, Kaia Mo Eikefet og Jakob Farestveit er ansvarlege for å informere og legge ut info på facebookside. Kaia og Jakob er særleg ansvarlege for å informere på Mo skule.

- **Nettverksamling for ungdomsråd**

Hordaland fylkeskommune arrangerer nettverksamling for ungdomsråd i Hordaland 6 november. Kaia, Sigrid og Hilde reiser, Oda har meldt dei på.

- **Presentere ungdomsrådet for Modalen kommunestyre**

Ungdomsrådet vil gjerne kome og presentere seg for kommunestyre i Modalen.

Vi prøve å få dette til i møte den 11. november. Kristin avtaler om det passer med ordfører.

- **Tema å arbeide med**

Vi drøfta tiltak i haust.

Ungdomsrådet vil ha eit arrangement for ungdommane i begynnelsen av desember i Bryggjeslottet.

Andre tema som var drøfta var skytebane, dette hadde vore fint å få til i Modalen.

Miljøvern, skulen bør bli ein miljøfyrtårnskule.

Trafikksikring ved Mo skule.

Fritidstilbod til ungdommer i Modalen, ungdområdet vil arbeide for å få på plass eit betre tilbod. Kan vi få til ein ungdomklubb, kva med ungdomsarbeider, burde ungdomsrådet arbeide for det? Dette er tema MUR vil ta opp på seinare møter i høve til budsjettarbeidet i kommunen.

- **Møteplan**

30 oktober 18.00-20.00 Bryggjeslottet

27 november 18.00-20.00 Bryggjeslottet

22 januar 18.00-20.00 Bryggjeslottet

Referent

Kristin Nåmdal